



Til medlemmane i SMU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1987 - 14/27281

Saksbehandlar:

Randi Marie Nesbø

randi.marie.nesbo@lindas.kommune.no

Dato:

08.12.2014

## Referat frå SMU-møte 01.12.14

Til stades: Eli Aakre (FAU), Hege Agdal (FAU), Mathilde Fykse (FAU), Gullborg Tresnes (andre tilsette), Nina Eide (lærarane), Bente Kronhaug (einingsleiar) og Sveinung Toft (Lindås kommune),

### 09/ 2014-15 Godkjenning av

- a) Innkalling - *Godkjend*
- b) Saksliste - *Godkjend*
- c) Referat frå møte 22.09.14 – *Godkjent*

### 10/2014-15 Nytt frå skulen

*Det vert arbeid mykje med temaet jul. Det er faste adventsamlingar som er trivelige og flotte. Det er stort fokus på skulemiljøet. Fotballbanen er no delt i to med ei strek som skilje. Det er mindre konflikhtar i friminutta.*

*7. klasse har slutta å spele fotball grunna det blir for trangt om plassen og for lita speletid.*

*FAU vil kjøpe inn « rumpe-akebrett » til elevane og skulen ønskjer seg 64 stk, men det må vere av ein viss kvalitet, elles blir dei fort øydelagde.*

### 11/2014-15 Grillhytte – tilbakemelding frå skulen

*Det er ingenting gjort med vidare arbeid av grillhytta. Dette må vi gjere noko med. Hege undersøker pris på to ulike typar. Bente tek kontakt med ungdomsskulen og hører om dei kan hjelpe til med oppsettet av ei hytte.*

### 12/2014-15 Rutinar når elevar er vekke frå skulen

*FAU ønskjer melding, helst i første friminutt når elevane ikkje kjem til skulen. Grunnen er kjensle av tryggleik for føresette. I dag blir det sendt melding til dei foreldre det er spesielle avtalar kring dette. Lærarane ved Ostereidet barneskule meiner det er vanskeleg å gjennomføre dette for alle elevane på skulen. Kven skal ringje heim eller til jobben til føresette? Kva om dei ikkje får tak i føresette? Administrasjonen på skulen ser på saka og vil komme tilbake med eit forslag til løysing.*

### 13/ 2014-15 Eventuelt – *Det er kome ny sofa på biblioteket.*

Ref.

Bente Kronhaug

Einingsleiar

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733





**Mottakrar:**

Til medlemmane i SMU